

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85 Fylke: Møre og Romsdal
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Sunndal
 Emne: Tradisjonar, tru og segner Bygdelag: Øksendal
 omkring jeger og jaktstyr. Gard: Skrondal
 Oppskr. av: A.E.Skrondal G.nr. 71 Br.nr. 3
 (adresse): Øksendal

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Av eiga røynsle og forteljing.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Slike uskrevne lover kjenner eg like til. Men skyttarane ville helst unngå å skyte på dyr som låg.
2. Slike forteljingar har eg ikkje høyrte.
3. Ikkje har eg høyrte noko serleg om sundagsjakt heller.
4. Skadeskotne dyr gjorde dei seg stor umak med å få dei avliva.
5. Har høyrte svært lite om slike reglar. Men det har vore sagt, at det var svært uheldigt for skyttaren å ha med kvinner på jakt.
6. Om varsel føre ein tok på jakt veit eg ikkje noko.
7. Har ikkje høyrte så mykje om slike reglar heller. Men her er det vanleg at den som skyt dyret får hovudet og huda av hjort, huda av bjørn-hovudet og huda av reinen i tillegg til det som vert delt.
8. Nei, slike reglar har eg ikkje høyrte noko om.
9. Nei, det er ukjent her.
10. Likeeins ukjent.
11. Nei, det veit eg ikkje om.
12. til og med 26. Heilt ukjendte ting for meg.
27. Har høyrte fortalt, at skyttarane i gamle dagar gjorde seg stor umak for å få tak i den første humla dei fekk sjå om våren. Fekk dei då fanga denne humla, så prøva dei å få ho til å krype gjennom børsepia. Lukkast det så ville børsa drepa så mykje betre.
28. Her er ikkje nokor forteljingar om slikt.
29. Den siste bjørnen som for i lierne her i Øksendal vart skoten av meg. Det var i sept. 1915. Tvo bjørnar hadde kome utover fjella forbi Reinsvassetra i Vikebotnen. Setertausene vakna ei natt avdi buskapen i seterfjuset belja og sleit seg laus, så dei måtte opp og binda dei att. Bjørnane hadde fare vidare utover til Breit-æla der det vart oppdaga far etter dei på snøfonna. På ei bratt snøfonna hadde dei rendt seg på baken i breidd nedover fonna. Det vart no samla saman folk for å prøva å ta livet av udyra. 5 skyttarar vart lagt i stilling i Ryssdalsskrøa, ein skogsnau skrededal, og eit liknande tal gjekk i lia nedover frå øvste gardane medan dei skaut -skramla på spann og pannor-. Men det var berre ein bjørn som kom fram. Den andre hadde skildt lag og teke over til Eirisfjord, synte det seg seinare. Då bamsen kom hufsande over skrededalen fekk han to kulor i seg frå mi børse, reiste seg på bakbeina og skreik xx stykt før han gjekk på ryggen og vart liggjande. Han hadde teke livet av 10 sauer, som jagarane fann, og some var varme då dei oppdaga deim. Det var ein gamal slagbjørn.

2

Kva tid dei såg den siste ulven her er det vanskeleg å tidfesta. Kristian Danielsen (1859- 1948) fortalde meg, at far hans Daniel Børsetneset (1821-1910) såg ein gong, medan han var smågut, at ein ulv kom fram or skogen ein vinterkvell og henta ei geit som stod i vedakosten og åt riskvistar. Vargen glefste fatt i dyret, slengde geita på ryggen og sprang tilskogs.

Disbet Tøfte, Skrondal, (1820- 1904) fortalde til Lusie Skrondal, at ho såg ulv som sprang på elvaisen ved sida av kyr kjeskysen ein vinterdag dei kørde heim frå kyrkja. Det var i Samueløya ho såg desse ulvane.

Ole Tøfte, Skrondal, (1844- 1924) fortalde til dotter si, Lusie, at han som gjæter på Brandstad såg to ulvar som tok ein sau millom seg-sprang på ei bjørk med sauene og sleit han av.

30. Om rovdyrplaga under den siste verdskrigen er å seia, at for meg såg det slik ut, at det var ikkje nemnade auke av desse dyra. Men utanom rev, har det av og til vore sett far etter Gaupe om vintrane.